



Vedtekter for kommunalt næringsfond i Midsund

§ 1 Forvaltning av fondet

Statlege tilskot og evt. kommunale midlar utgjer næringsfondet i Midsund kommune.

Søknad om støtte frå fondet skal vere skriftleg. Dei skal innehalde budsjett, aktuelle kostnadsoverslag, finansieringsplan samt forretningsidè og ei vurdering av marknaden. Etablerte verksemdar skal levere rekneskap for siste år. Krav til søknad må tilpassast det enkelte prosjekt.

Kommunestyret har delegert til tiltaksnemnda å forvalte fondet. Søknader skal avgjerast av tiltaksnemnda etter tilråding frå administrasjonen. Tilrådinga skal skje på grunnlag av ei vurdering av kvart enkelt prosjekt. Ved behandling av kompliserte saker, kan administrasjonen ta kontakt med fylkeskommunen eller andre faginstansar som kan gi rettleiing. Alle saker skal m.a. av konkurranseomsyn behandlast som B-saker.

Fondsmidlane skal plasserast på renteberande konto slik at midlane til ei kvar tid er disponible. Budsjett og rekneskap skal vere integrert i kommunen sitt budsjett og rekneskap i samsvar med gjeldande forskrifter.

§ 2 Støtteformål

Næringsfondet skal brukast til å fremje etablering av ny næringsverksemd og til vidareutvikling av eksisterande bedrifter. Fondet kan og nyttast til infrastrukturtiltak som tilrettelegging av næringsareal og vassforsyning til fast busetting. Prosjekt som kan betre sysselsettingstilhøva for kvinner og ungdom skal prioriterast.

Det kan gis støtte til følgjande kommunale formål:

- *Kommunalt nærings- og tiltaksarbeid og kunnskapsretta infrastruktur*
T.d. næringsplanlegging, etableringsprosjekt, samarbeid skule/næringsliv, marknadsføring av Midsund kommune som etableringsstad og reisemål, IT-prosjekter og ulike utgreiingar/analysar.
- *Fysisk infrastruktur for næringsutvikling*
T.d. planlegging og utbygging av kommunale næringsareal, sentrumsoppusting, vassverk i kommunal og privat regi, infrastruktur retta mot reiselivet m.v.

Det kan gis støtte til bedrifter for følgjande formål:

- *Bedriftsutvikling*
T.d. planlegging og undersøking i samband med etablering av ny verksemd, etableringsstipend, opplæring for nyetablerarar, bedriftsleiarar og tilsette, produktutvikling, marknadsføring, marknadsundersøking m.v.
- *Investering i bedrifter*
T.d. utstyr/maskinar ved oppstarting og utviding av mindre verksemdar.

Ein kan ikkje gi støtte til gjeldssanering, driftstilskot, ordinære kommunale oppgåver som t.d. avlønning av tiltakskonsulent, eller til verksemder som mottar vesentlege overføringar frå offentlege budsjett, med unnatak for verna bedrifter.

Ein skal vere varsam med å gi støtte til nyetablering av detaljhandel og anna serviceverksemd dersom dette medfører konkurransevriding mellom bedrifter i kommunen.

Tiltaksnemnda avgjer på grunnlag av ei kvalitetsmessig vurdering kva prosjekt som skal støttast frå næringsfondet. Prosjekta blir vurdert i lys av dei prioriterte satsingsområda i kommunen sin næringsplan der ein tek omsyn til følgjande vurderingar:

- Samarbeidsprosjekt skal prioriterast framføre enkeltprosjekt.
- Prosjekt som gjer det meir attraktivt å bu i Midsund kommune skal vektleggjast, men støtta må ikkje føre til konkurransevriding.
- Dersom eit prosjekt er blitt avsege i høgare instansar (t.d. fylkeskommunen, SND), kan ikkje kommunalt næringsfond gå inn med finansiering, dvs. søknaden blir avsege.
- Prosjekt som er gjennomført før søknaden er behandla, får avslag. Dette gjeld og dersom faktura/rekneskap i ettertid viser at prosjektet faktisk var gjennomført før søknaden blei behandla. Prosjekt som er igangsett før søknaden er behandla, får avslag dersom søkjaren ikkje kan dokumentere årsaka til at prosjektet er igangsett.
- Ein kan som hovudregel ikkje gi støtte til bedrifter, nystarta eller eksisterande, som vidarefører aktiviteten til verksemder som nyleg har gått konkurs, nyleg er nedlagt eller er selt.
- Det vil i hovudsak ikkje bli gitt støtte til:
 - rullande materiell (bilar og tilhengarar)
 - kontorutstyr og -maskinar
 - handverktøy
 - bygningar (utover produksjonsanlegg)

§ 3 Støtteformer og støttevilkår

Støtte kan gis som tilskot og lån (ansvarleg og betinga lån). Midlane kan ikkje nyttast til garantiar eller til kommunal aksjeteikning i private verksemder. Aksjeteikning i næringssekskap, utleigebygg mv. som kommunen eig saman med private interessentar er tillate.

Samla støtte frå næringsfondet til bedriftsutvikling, investering i bedrifter og utbygging av private vassverk skal ikkje overstige 50 % av prosjektet sitt kapitalbehov. Ved nyetablering og ved prosjekt som kan gi kvinner og ungdom betre sysselsettingstilhøve og velferdstilbod, kan ein likevel gi inntil 75 % støtte. Prosjekt innan kommunalt nærings- og tiltaksarbeid, kunnskapsretta infrastruktur og fysisk infrastruktur kan fullfinansierast med midlar frå næringsfondet.

§ 4 Tilsegnsbrev

Innvilga søknad skal stadfestast med tilsegnsbrev. Brevet skal sendast til kvar enkelt mottakar, og skal innehalde følgjande;

- Formål og kva slags tiltak midlane skal nyttast til
- Eventuelle vilkår som knytt seg til bruken av midlane som t.d. krav til dokumentasjon før utbetaling
- Spesifisert tilskotsgrunnlag og finansieringsplan
- Tidsfrist for bortfall av tilsegn
- Utbetalingstidspunkt, utbetalingsrutiner

- Krav til rapportering og prosjektrekneskap stadfesta av revisor eller autorisert rekneskapsfører
- Opplysningar om eventuelle kontrolltiltak som kan bli iverksett
- Moglege reaksjonsformer dersom mottakar ikkje opptrer i samsvar med skriftlege føresetnader, til dømes tilbakebetaling

§ 5 Kapitalbehov

Prosjekt med kapitalbehov over årlege fastsette grenser, skal sendast til fylkeskommunen for behandling. Prosjekt under desse grensene skal behandlast og evt. finansierast lokalt.

Ved interkommunale prosjekt, kan den enkelte kommune sin del av finansieringa vere inntil den fastsette kapitalgrensa for formålet.

Grensene for kapitalbehov skal følgjast sjølv om søkjaren deler opp eller tek med delar av eit prosjekt berre for å kome inn under lokale kapitalgrenser. Det er dei totale kostnadene ved eit prosjekt som skal leggjast til grunn.

For 2001 gjeld følgjande grenser (gjeld totalt kapitalbehov, ikkje støttebeløp):

- Kommunalt tiltaksarbeid kr 200.000,-
- Grunnlagsinvesteringar kr 250.000,-
- Aksjeteikning kr 200.000,-
- Bedriftsutvikling kr 80.000,-
- Investering i bedrifter kr 150.000,-

Dersom eit bedriftsretta prosjekt inneheld fleire delelement (bedriftsutvikling og investering), er kapitalbehovgrensa kr 230.000,-.

§ 6 Klage

Vedtak i tiltaksnemnda kan påklagast til Kommunestyret. Storleiken på støttebeløp kan ikkje påklagast. Jf. Kommuneleva § 59 og Forvaltningslova §28.

§ 7 Utbetaling

Før innvilga støtte kan utbetalast, skal kostnadene vere dokumentert. Førespurnad om utbetaling skal skje innan eitt (1) år etter at tilsegn er gitt. Ved særskilt søknad kan administrasjonen forlenge fristen. Utbetaling skal som hovudregel skje samla når prosjektet er avslutta, men administrasjonen kan gjere unnatak.

§ 8 Tilbakebetaling av lån og tilskot

I saker der støtte til investering blir gitt, kan kommunen krevje tilskotet tilbakebetalt dersom investeringsobjektet blir selt/nedlagt innan tre (3) år.

I saker der det blir gitt lån, skal eigen låneavtale skrivast. Avdragstid, rentefor, tilbakebetaling ved opphør, sal mv. skal avgjerast i kvart enkelt tilfelle. Vedtak skal avklare dette.

§ 9 Næringsplan

Midsund kommune har eigen næringsplan med mål, strategiar og tiltak innan kommunalt næringsarbeid. Planen skal rullerast i samband med rullering av overordna kommuneplan kvar valperiode. Satsingsområda i planen er retningsgivande for bruken av næringsfondet.

§ 10 Årsmelding og rekneskap

Kommunen skal kvart år utarbeide ein årsrapport om tiltaksarbeidet i kommunen. Rapporten skal m.a. innehalde rekneskap og vurdering av kommunalt næringsfond. Kommunen skal elles bruke standard rapporteringsprogram frå Kommunal og regionaldepartementet (KRD).

§ 11 Vedtekter

Kommunestyret kan til ei kvar tid endre vedtektene, men endringane skal vere innanfor retningslinene som er gitt av departementet, jf. rundskriv H-16/98.

Kapitalbehovgrensene, jf. § 4, endrast administrativt etter melding frå departementet.

§ 12 Iverksetjing

Desse vedtektene er vedteke av Kommunestyret i møte 01.03.01. K.sak 01/014 og gjeld frå denne dato.